



Eventus Borgafjell Barnehage AS
Hegglandsdalsvegen 120
5211 OS

Unntatt offentlig innsyn
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
22/19528	22/177	Lena Epland Sløgedal post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/		21.03.2022

Endeleg tilsynsrapport etter stadleg tilsyn 8. februar 2022 Eventus Borgafjell barnehage

Bjørnafjorden kommune, har i perioden 06.01.22 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Eventus Borgafjell barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Anette Stene
Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Eventus Borgafjell barnehage 08.02.2022.

Det vart ikkje avdekka lovbrøt.

Om tilsynet med Eventus Borgafjell barnehage

Bjørnafjorden kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Eventus Borgafjell barnehage, jf. barnehageloven § 53. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnehagedrift. Barnehagemynde har ansvar for å sjå til at barnehagane vert drivne etter lova jf. § 10.

Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehagar med forskrifter.

- § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.
 - § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval
 - § 37 barn med nedsatt funksjonsevne
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
- § 41, 42, 43
 - § 44 Teieplikt
 - § 50 Helsekontroll av barn og personale
 - Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overgangar.

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emne, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekka under tilsynet. Rapporten gjer såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Eventus Borgafjell barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 06.01.2022. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehageloven §53. Tilsynet vart gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar tilknytt barnehagen.

Rettslege krav

Etter barnehageloven § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjenningsspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentleg mynde. Det følgjer av barnehageloven § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

Kommunen sin konklusjon

Bjørnafjorden kommune i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Borgafjell barnehage ikkje funne brot på regelverket.

Endeleg tilsynsrapport som vert gjort offentleg på kommunen sine heimesider.

Vurdering av oppfølging av regelverk:

§ 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.

Ikkje lovbrøt

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Ikkje lovbrøt

§ 37 barn med nedsatt funksjonsevne

Ikkje lovbrøt

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Ikkje lovbrøt

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Ikkje lovbrøt

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Ikkje lovbrøt

§ 44 Teieplikt

Ikkje lovbrøt

§ 50 Helsekontroll av barn og personale

Ikkje lovbrøt

Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overganger.

Ikkje lovbrøt

Eventus Borgafjell barnehage fekk frist til 20. mars til å uttale seg i samband med førebels tilsynsrapport. Bjørnafjorden kommune har ikkje motat merknader.



Med vennleg helsing

Line Rye
Kommunalsjef oppvekst

Lena Epland Sløgedal
Barnehagemynde og utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Karianne Moberg

Barnehagefagleg rådgjevar